

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Levekårsutvalet
Møtestad: *KST sal Myravegen 11*
Dato: *23.01.2019*
Møte tok til *15:00*
Møte slutta *17:35*

Levekårsutvalet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 16.01.2019.

Faste medlemmar som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerar |
|-------------------------|------------------------|---------------|
| Ragnhild Nedreid | Medlem | AP |
| Marianne Overå | Nestleiar/varaordfører | FOHAR |
| Einar Jarle Måseide | Medlem | FOHAR |
| May Britt Ertesvåg | Medlem | FRP |
| Ottar Røyset | Leiar/ordfører | H |
| Wenche J. Holstad Jøsok | Medlem | H |
| Jenny Helen Korsnes | Medlem | V |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|------------------------|-----------------|
| Anne Karete Mork | Utvalsesekretær |
| Ragnhild Velsvik Berge | Rådmann |
| Eivind Longva | Kommunalsjef |
| Mariann Båtnes | Rådgevar |

I tillegg møtte einingsleiarar frå velferd: Monica Svoren, Monica Småge Skeide og Nina Ulstein.

Ottar Røyset leia møtet

7 voterande

Levekårsutvalet handsama PS 1/19

Levekårsutvalet handsama PS 2/19

Levekårsutvalet handsama PS 3/16

- RS 1/19
- RS 2/19
- RS 3/19
- RS 4/19
- RS 5/19
- RS 6/19
- RS 7/19
- RS 8/19
- RS 9/19

Levekårsutvalet handsama PS 4/19

Levekårsutvalet handsama PS 5/19



Levekårsutvalet handsama PS 6/19

Levekårsutvalet handsama PS 7/19

OFFENTLEG SAKSLISTE MED SAKSDOKUMENT

| Saksnr | Tittel | Arkivkode |
|---------|---|-----------|
| | Politiske saker | |
| PS 1/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste | |
| PS 2/19 | Godkjenning av protokoll førre møte | |
| PS 3/19 | Referatsak | |
| RS 1/19 | Delegasjon til kontrollutvalsmedlemer | 2018/192 |
| RS 2/19 | Søknad om tilskot for inkludering av barn i lavinntektsfamiljar | 2019/68 |
| RS 3/19 | Kommunalt tilskot til Gnist barnehager Holstad 2019 | 2018/2068 |
| RS 4/19 | Tilsynsrapport - Gnist barnehagar Holstad 2018 | 2017/766 |
| RS 5/19 | Skjenkekontroll - Napoli Hareid - Napoli Restaurant Munir Rajab | 2018/187 |
| RS 6/19 | — Salskontroll 29.12.2018 - Bunnpris Hareid | 2017/1383 |
| RS 7/19 | Salskontroll 29.12.2018 - Coop Extra Hareid | 2017/1381 |
| RS 8/19 | Salskontroll 29.12.2018 - Eurospar Hareid | 2017/1382 |
| RS 9/19 | Søknad om serveringsløyve - Naboen Restaurant Hareid AS - delegert vedtak | 2018/2049 |
| | Politiske saker | |
| PS 4/19 | Ungdomsrådet i Hareid- Vedtekter Lukka møte: <i>Off.lova § 13 jf. forv.lova § 13 - Lovbestemt teieplikt</i> | 2019/61 |
| PS 5/19 | Søknad om ekstra bustadtilskot | 2018/484 |
| PS 6/19 | Søknad om startlån - ***** | 2018/1866 |
| | Ope møte: | |
| PS 7/19 | Søknad om skjenkeløyve - Naboen Restaurant Hareid AS | 2018/2186 |

Hareid, 17.01.2019

Ottar Røyset
utvalsleiarAnne Karete Mork
utvalssekretær



POLITISKE SAKER

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

/Levekårsutvalet si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling.

Marianne Overå FL, leia møtet i starten.

6 voterande

Det var fylgjande merknad til sakliste:

- *Ottar Røyset hadde på førehand sendt inn fylgjande spørsmål:
Før nyttår fikk vi presentert et glansbilde av omsorgsetaten av daværende kommunalsjef. Lite sykmeldinger, høy trivsel og stort rekrutteringsgrunnlag. Medlemmer i LKU har blitt kontaktet av ansatte på skjerna avd. Som forteller en annen hverdag.
Om dette er kjent for Rådmann, kan Rådmann orientere litt om tilstanden til Omsorgsetaten.
-Arbeidsmiljø, hva stemmer?
-rekrutering av ny kommunalsjef
- Handlingsprogram vedtak om midler til Skulehelsetjeneste
- legeavtale
Og annet som rører seg på sektor for Velferd.*

Rådmann Ragnhild Velsvik Berge svara på spørsmåla.

Einingsleiar ved velferd, Monica Svoren svara på spørsmål.

Einingsleiar ved velferd, Monica Småge skeide svara på spørsmål.

Einingsleiar ved velferd, Nina Ulstein svara på spørsmål.

- *PS 7/19 vart sendt på e-post til medlemne i førekant av møtet og saka vart samrøystes handsama.*

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling vart godkjent utan merknad.

Sakliste vart godkjent med merknadar som skissert over.

PS 2/19 Godkjenning av protokoll førre møte

Levekårsutvalet si handsaming:

Det ver ingen merknad til protokollen frå møte 20.11.2018,

Marianne Overå FL, fremja forslag om at det for framtida vert protokollført både spørsmål stilt i møte, og svara som vert gitt. Med det meiner ho at det vert gitt skriftelege spørsmål og skriftelege svar – samrøystes vedteke.

6 voterande



Røysting:
Samrøystes

Vedtak:
Protokollen frå [møte 20.11.2018](#) vart godkjent utan merknad.

PS 3/19 Referatsak

Levekårsutvalet si handsaming:

LKU handsama RS 1/19 – RS 9/19

Leiar i RFU Ottar Røyset H, kom til møtet kl. 15:25, og tok over som leiar i RS 3/19.

7 voterande

—
Røysting:
Samrøystes

Vedtak:
Referatsaker samrøystes teke til vitande.

- RS 1/19 Delegasjon til kontrollutvalsmedlemer**
- RS 2/19 Søknad om tilskot for inkludering av barn i lavinntektsfamiljar**
- RS 3/19 Kommunalt tilskot til Gnist barnehager Holstad 2019**
- RS 4/19 Tilsynsrapport - Gnist barnehagar Holstad 2018**
- RS 5/19 Skjenkekontroll - Napoli Hareid - Napoli Restaurant Munir Rajab**
- RS 6/19 Salskontroll 29.12.2018 - Bunnpris Hareid**
- RS 7/19 Salskontroll 29.12.2018 - Coop Extra Hareid**
- RS 8/19 Salskontroll 29.12.2018 - Eurospar Hareid**
- RS 9/19 Søknad om serveringsløyve - Naboen Restaurant Hareid AS - delegert vedtak**



POLITISKE SAKER

PS 4/19 Ungdomsrådet i Hareid- Vedtekter

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Levekårsutvalet si tilråding frå møte 23.01.2019:

§ 1. Mandat, formål og oppgåver

- Ungdomsrådet i Hareid er eit demokratisk valt organ som skal ivareta interessene til ungdom i kommunen.
- Ungdomsrådet skal vere eit talerør for ungdomen i Hareid.
- Ungdomsrådet skal vere rådsorgan for kommunen i dei sakene som gjeld ungdom i kommunen og skal sjølv kunne ta opp saker som vedkjem ungdom i kommunen.
- Ungdomsrådet skal haldast informert om aktuelle saker i kommunen gjennom tilgang av saksdokumenta
- Ungdomsrådet skal fordele midlar til ungdomstiltak, når dette er vedteke av Levekårsutvalet eller eit av dei andre politiske organa.

Ungdomsrådet i Hareid skal mellom anna arbeide for:

- Å gjere Hareid til ein meir attraktiv kommune å bu og etablere seg i.
- Forståing av behova for denne aldersgruppa og tilrettelegging av aktivitetar for ungdom i kommunen.
- Reell medverknad i den politiske beslutningsprosessen i kommunen.

§ 2. Val og samansetnad

- Ungdomsrådet i Hareid kommune vert samansett av ungdom i alderen 13-18 år. Rådet består av 7 faste medlemar i tillegg til 3 varamedlemar og 2 politikarar. Elevrådsleiar ved Hareid ungdomskule bør sitje i Ungdomsrådet. Ein ynskjer primært inn representantar frå dei ulike geografiske områda i kommunen, med etnisk breidde og kjønnsbalanse i tråd med likestillingslova.
- Kun ungdomar som er busett i Hareid kommune er valbare til ungdomsrådet.
- Dei to politikarane skal veljast av kommunestyre og vert valde for den kommunale valperioden.
- Valperioda for medlemmane i rådet er to år, men vala vert gjort slik at halve ungdomsrådet er på val kvart år. Valperioden fylgjer skuleåret. Ungdomsrådet konstituerer seg sjølve ved val av leiar og nestleiar og vel sjølv andre funksjonar som rådet ynskjer (t.d PR ansvarlig, UKM ansvarlig)

§ 3. Møte



- Ungdomsrådet i Hareid skal ha minst 6 møter i året, etter oppsett møteplan. I spesielle situasjonar kan det verte innkalla til fleire møter ved behov. Innkallinga til møta vert sendt til både medlemar, varamedlemar og politikarkontakt .
- Rådet skal kallast inn med minst 1 veker varsel. Saman med møteinnkallinga må saksdokumenta sendast ut.
- Rådet kan avgi uttale når minst halvparten av medlemmane er tilstades. Ved like stemme, har leiar dobbeltemme.
- Rådet fører møtebok/protokoll. Utskrift av protokoll vert sendt til medlemane og politikarkontakt. Særutskrift skal fylgje eventuelle saksdokument til kommunale organ.
- Kommunen ved sektor for læring og kultur syter for høveleg sekretariatshjelp for ungdomsrådet.

§ 4. Økonomi

Møtegodtgjerdse:

Ungdomsrådet sine medlemar skal ha godtgjerdse for arbeidet i rådet på same vilkår som valde medlemar i kommunen sine øvrige organ.

Administrative utgifter:

Naudsynte administrative utgifter vert dekkja gjennom sektor for læring og kultur sitt budsjett.

Tilskot til ungdomsstiltak:

Ungdomsrådet i Hareid disponerer midlar på budsjettet til sektor for læring og kultur til tilskot til ungdomstiltak i kommunen.

§ 5. Årsmelding

- Ungdomsrådet utarbeidar kvart år ei melding om verksemda si. Meldinga vert distribuert frå kommuneadministrasjonen til aktuelle organ.

§ 6. Endring av vedtektene

- Kommunestyre gjer endringar i vedtektene.

PS 5/19 Søknad om ekstra bustadtilskot

PS 6/19 Søknad om startlån - *** ***** *******

PS 7/19 Søknad om skjenkeløyve - Naboen Restaurant Hareid AS



Levekårsutvalet si handsaming:

Levekårsutvalet gjer merksam på at datoen søknaden er dagsett på må endrast til 20.11.2018.

Wenche Jøsok H, fremja fylgjande endringsforslag under punktet for styrar og vara for løyvet:

Rafat Ghazi vert godkjent styrar for skjenkeløyvet når andre tek over som skjenkestyrar for løyvet på Naboen Restaurant på Larsnes.

Verksemda må ha vara for styrar. Løyve trer i kraft når skjenkstaden har sendt inn dokumentasjon på vara for styrar og der ikkje ligg føre merknadar på vedkommande frå Politi og Skatt.

Dette vert grunngjeve med likebehandling for alle skjenkestadane i kommunen innanfor dei rammene som er gitt av alkoholloven.

Røysting:

Samrøystes—

Levekårsutvalet si tilråding frå møte 23.01.2018:

Hareid kommunestyre har vurdert søknaden frå Naboen Restaurant Hareid AS (org.nr. 921523157), dagsett 20.11.18, og fråsegnene som er mottekne i saka. Kommunestyret gjev alminneleg skjenkeløyve for alkohol inntil 60 vol. % for skjenkestaden i Strandgata 85 (Nordeabygget).

Skjenketida for alkohol

Varegruppe 1 (frå 2,5 til 4,7 %) og 2 (frå 4,7 til 22 %) vert avgrensa mellom kl. 11.00 – 01.00 søndag – torsdag og mellom kl. 11.00 – 02.00 fredag og laurdag på område som vert vist i vedlegg 2.

Varegruppe 3 (frå 22 til 60 %) vert avgrensa mellom kl. 13.00 og 24.00 alle dagar på område som vert vist i vedlegg 3.

Utvida skjenketid i romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag) til kl. 02.00 for varegruppe 1 og 2 på område som vert vist i vedlegg 3.

Konsum av alkohol på skjenkestaden skal vere slutt seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

Styrar og vara for løyvet:

Rafat Ghazi vert godkjent styrar for skjenkeløyvet når andre tek over som skjenkestyrar for løyvet på Naboen Restaurant på Larsnes.

Verksemda må ha vara for styrar. Løyve trer i kraft når skjenkstaden har sendt inn dokumentasjon på vara for styrar og der ikkje ligg føre merknadar på vedkommande frå Politi og Skatt.

Dette vert grunngjeve med likebehandling for alle skjenkestadane i kommunen innanfor dei rammene som er gitt av alkoholloven.

Vilkår for løyvet:



**Internkontrollrutinar for skjenking skal leverast kommunen innan 28.02.19.
Styrar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap når dette vert arrangert.**

**Løyveperiode gjeld frå 26.10.2017 - 30. september 2020. Løyvet vert gitt med
atterhald om at det ikkje kjem inn merknadar på skjenkestyrar frå Skatt Midt
Norge og Ulstein og Hareid lensmannskontor.**

Anne Karete Mork
Utvalsesekretær

Ottar Røyset
Leiar

—